

Saksprotokoll i fylkestinget - 11. og 12.12.2018

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag til fråsegn:

«Til dei politiske partia på stortinget.

Ikkje legg ned Ulvsnesøy!

Regjeringa har ikkje funne rom til å oppretthalde eit av Noregs mest unike fengsel:

- Eit variert og meiningsfullt arbeidstilbod som gjev gode jobbmoglegheiter ved endt soning.
- Beste skuleresultat i landet av 54 fengsel.
- Ein god stad å vere med tanke på psykisk helse, nærleik til natur. Gode relasjonar mellom tilsette og innsette, der alle arbeidar mot eit felles mål
- Einaste opne soningstilbod for kvinner på Vestlandet
- Kvinner på lav grad av sikkerheit må om Ulvsnesøy vert lagt ned, sone på austlandet, langt frå familie og nærmiljø
- Bastøy er austlandets svar på Ulvsnesøy, ville nokon ha turt å leggje ned Bastøy?
- Ulvsnesøy har deltatt og deltar i fleire EU-prosjekt for å dela erfaring og utvikla eige soningstilbod.

Fylkestinget ber regjeringa og KrF gå nok ein runde for å sikre at Avd. Osterøy – Ulvsnesøy vert oppretthalde som fengsel på vestlandet.

Dei andre foreslått nedlagde fengsla har alle vore gjennom ein KVVU-prosess der ein har gått gjennom fengsla i heile regionen og lagt ein plan for framtida. Denne prosessen er nettopp starta i region Vest, og først i slutten av 2020 kan ein sei noko om behov/løysingar for Kriminalomsorga på Vestlandet. Det er svært urimeleg at Ulvsnesøy ikkje vert tatt med i betraktninga når Vestlandet sitt soningstilbod skal vurderast.

Ulvsnesøy har dei beste skuleresultata i heile landet, sannsynligvis i heile verda. I 2017 var det same antal sluttvurderingar på øya (103 stk totalt) som i heile Halden fengsel med 250 innsette. Statistikken syner liknande tal langt tilbake. Dette er ikkje ein tilfeldig topp, men syner stabilt og grundig arbeid over tid.

Kvinnene og Ulvsnesøy.

Ulvsnesøy er det einaste tilbodet for kvinner på lågare sikkerheit i heile region Vest. Kvar skal desse no? Ein må forlange eit alternativ for damene før plassane på Ulvsnesøy vert lagt ned. Kvinner frå Vestlandet må slik det no ligg an, sone strengare enn nødvendig eller langt borte frå familie/born/nettverk. Ulvsnesøy har potensiale til å bli verdas beste kvinnefengsel

Effektiv soning. På Ulvsnesøy kan innsette bygge seg opp med kompetanse og som menneske. Mange klarar å gå ut i arbeid etter soning, og fortset livet som gode naboar og skattebetalarar. Dette er ein effektiv måte å nytte soningstida på med tanke på menneskelege ressursar og samfunnsøkonomi. Innsette får nytta tida i fengsel positivt, og er klare til å bidra til samfunnet allereie på lauslatingsdagen. Alternativet er at dei vert lauslatt i uvissa om kva dei skal leve av, utan tru på eigne mogelegheiter og eigenverd og sinte på samfunnet.»

Det var 56 representantar til stades.

Røysting

Oen si fråsegn vart vedteken oversendt mot 12 røyster (H).

Vedtak

Til dei politiske partia på stortinget.

Ikkje legg ned Ulvsnesøy!

Regjeringa har ikkje funne rom til å oppretthalde eit av Noregs mest unike fengsel:

- Eit variert og meiningsfullt arbeidstilbod som gjev gode jobbmoglegheiter ved endt soning.
- Beste skuleresultat i landet av 54 fengsel.
- Ein god stad å vere med tanke på psykisk helse, nærleik til natur. Gode relasjonar mellom tilsette og innsette, der alle arbeidar mot eit felles mål
- Einaste opne soningstilbod for kvinner på Vestlandet
- Kvinner på lav grad av sikkerheit må om Ulvsnesøy vert lagt ned, sone på austlandet, langt frå familie og nærmiljø
- Bastøy er austlandets svar på Ulvsnesøy, ville nokon ha turt å leggje ned Bastøy?
- Ulvsnesøy har deltatt og deltar i fleire EU-prosjekt for å dela erfaring og utvikla eige soningstilbod.

Fylkestinget ber regjeringa og KrF gå nok ein runde for å sikre at Avd. Osterøy – Ulvsnesøy vert oppretthalde som fengsel på vestlandet.

Dei andre foreslått nedlagde fengsla har alle vore gjennom ein KVVU-prosess der ein har gått gjennom fengsla i heile regionen og lagt ein plan for framtida. Denne prosessen er nettopp starta i region Vest, og først i slutten av 2020 kan ein sei noko om behov/løysingar for Kriminalomsorga på Vestlandet. Det er svært urimeleg at Ulvsnesøy ikkje vert tatt med i betraktninga når Vestlandet sitt soningstilbod skal vurderast.

Ulvsnesøy har dei beste skuleresultata i heile landet, sannsynligvis i heile verda. I 2017 var det same antal sluttvurderingar på øya (103 stk totalt) som i heile Halden fengsel med 250 innsette. Statistikken syner liknande tal langt tilbake. Dette er ikkje ein tilfeldig topp, men syner stabilt og grundig arbeid over tid.

Kvinnene og Ulvsnesøy.

Ulvsnesøy er det einaste tilbodet for kvinner på lågare sikkerheit i heile region Vest. Kvar skal desse no? Ein må forlange eit alternativ for damene før plassane på Ulvsnesøy vert lagt ned. Kvinner frå Vestlandet må slik det no ligg an, sone strengare enn nødvendig eller langt borte frå familie/born/nettverk. Ulvsnesøy har potensiale til å bli verdas beste kvinnefengsel

Effektiv soning. På Ulvsnesøy kan innsette bygge seg opp med kompetanse og som menneske. Mange klarar å gå ut i arbeid etter soning, og fortset livet som gode naboar og skattebetalarar. Dette er ein effektiv måte å nytte soningstida på med tanke på menneskelege ressursar og samfunnsøkonomi. Innsette får nytta tida i fengsel positivt, og er klare til å bidra til samfunnet allereie på lauslatingsdagen. Alternativet er at dei vert lauslatt i uvissa om kva dei skal leve av, utan tru på eigne mogelegheiter og eigenverd og sinte på samfunnet.